




Årsmelding og rekneskap 2017



Steffen melheim i diskos. Foto Trygve F. Mjelde

Olden Idrettslag

Årsmøte på Yris Cafe 15.febr.2018 kl. 20

Sakliste.

1. Opning av årsmøtet

1.1 Godkjenning av innkalling

1.2 Godkjenning av sakliste

1.3 Val av møteleier

1.4 Val av referent

1.5 Val av to personar til å skrive under på møteprotokollen

2. Årsmelding frå styret og frå gruppene

3. Rekneskap

4. Fastsetjing av medlemskontingent.

Styret føreslår følgende kontingenter for 2018

- Barn under 16 år kr. 250

- Støttemedlem kr. 200

- Vaksne f.o.m 16 år kr. 350

- Famile kr. 500

- I familemedlemskap kan reknast born t.o.m det året dei fyller
18.

5. Arenabygg – status

6. Budsjett for 2018

7. Val

8. Innmelde saker

9. Evt, Ordet fritt

Styret

Oversikt over styremedlemmar i Olden idrettslag 2017

Gruppe	Innv. År	Funksjon	Erstatter/ attval/ endring
<u>Hovudstyret</u>			
Martin Fredheim Klaesson	2017	Leiar	
Leiv Arne Egset	2017	Nestleiar	
Tove Kristin Vedlog	2012	Kasserer	
Silje Opheim	2015	Sekretær	
Randi Gjengedal	2016	Styremedlem	Attval
<u>Idrettsskulen</u>			
Silje skarstein	2018	Leiar	Ersatter Randi Vangnes
Therese sunde	2018		Erstatter Andre Opheim
Fride kvame	2018		Erstatter Elisabeth Strand
Kristin Blindheim 2017			
<u>Fotballgruppa</u>			
Sondre Guddal Muri	2014	Leiar	Attval
Ragnvald Flåten	2011		
Frode Gjerde	2015		
Atta	2018		Erstatter Salve Røyrhus
Bobby Mangard	2017		
Patric	2017		
<u>Friidrettsgruppa</u>			
Mette Hansen	2013		
Sondre Guddal Muri	2015		
Jostein Gjerde	2016		Attval
Kari allsaker	2018		Erstatter Rafael Gildestad
Caroline Lindvik Gjerde	2017		
<u>Skigruppa</u>			
Hans Petter Galtung	1999	Leiar	
Osvald Olsen	1999		
Roar Alsaker	2003		
<u>Alpingruppa</u>			
Rune Fredheim	2017	Leiar	
Andreas Drageset	2011		
Gruppa er redusert frå 3 til 2 grunna pga lite aktivitet			
<u>Banenemd</u>			
Knut Alsaker	2016	Leiar	attval
Daniel brynestad	2018		Erstatter gunnar eikemo

<u>Oldestafettnemd</u>			
Dagfinn Gytri	2000		attval
Arne Sandnes	2008		attval
Rasmus bruvoll	2018		Erstatter geir øyvind vangberg
Geir Flåten	2017		
Pål Skarstein	2017		
<u>Idrettsmerkegruppa</u>			
Alvhild Flåten	2017	Leiar	
Arne Muri	2009		
<u>Fjelltrimgruppa</u>			
Caroline Lindvik Gjerde	2015	Leiar	
Anders Bruvoll	2003		
Osvald Olsen	2011		
Sissel Sunde	2015		
Hilde Gjerde	2017		
<u>Premieansvarleg</u>			
Leiv Arne Egset	2015		
<u>Valnemd</u>			
Veronica sunde	2016	Leiar	
Oddbjørg muri	2017		
	2018		
<u>Revisorar</u>			
Linda Alsaker	2017		
Roar Alsaker	2017		

STYRETS ÅRSMELDING 2017

Styret har i 2017 har denne samansetjinga: Martin Fredheim Klaesson (leiar), Tove Vedlog (kasserar), Randi Gjengedal (styremedlem), Leiv Arne Egset (nestleiar) og Silje Opheim (sekretær).

Møter og tilstellingar:

Vi har hatt 4 styremøte i 2017. Vi hadde også eit fellesmøte med leiarane i dei ulike gruppene. Dei viktigaste sakene som har blitt behandla er økonomi, aktivitet og arenabygg.

12. november arrangerte vi idrettslagbasar i Aldaheim. Oppmøte og resultatet var dårlegare enn året før, men likevel eit vellukka arrangement som gav idrettslaget 36.737.- kr.

28. november arrangerte vi avslutningsfest med utdeling av premiar/pokalar til dei aktive medlemmane i friidrett, fotball, alpint og idrettsskule. Dei var vel 60 frammøte med stort og smått. Det blei vist bilde på storskjerm frå året som var gått, quiz og det blei servert pizza og julebrus. Hans Petter Galtung, Sondre Muri og Kari Alsaker fekk ei merksemd for arbeidet dei legg ned i idrettslaget på tross av at dei ikkje har aktive born med sjølve.

Medlemstal:

Medlemstalet i Olden IL er 162. Styret tykkjer medlemstalet er for lågt, og vi har diskutert ulike tiltak for å auke medlemstalet. Vi har blant anna laga ein Olden IL post som gjekk ut saman med fakturaen for medlemsskapet. Dette for å belyse dei ulike aktivitetane i idrettslaget, samt poengtere viktigheita av å ha medlemmar.

Aktivitatar:

Vi viser her til årsmeldingane frå gruppene.

Arrangement:

Olden idrettslag arrangerte også i fjor Oldestafetten og Skarsteinsetra Opp. Begge arrangementa blei gjennomført på ein framifrå måte. Vi ynskjer her å nemne innsatsen som blei lagt ned i forhold til sponsorinntekter til Skarsteinsetra Opp som gav idrettslaget 73500 kr. Styret takkar Andreas og Andre for ein flott innsats. Eit viktig bidrag til økonomien i laget. Friidrettsgruppa har arrangert lagsmeisterskap, løpskarusell og vore medarrangør i Strynehall-leikane.

Økonomi:

Økonomien i laget er god. Laget hadde i 2017 eit overskot på 31.769.- kr.

Anlegg:

Sjå eiga årsmelding frå byggenemnda.

Avslutning:

Styret vil med dette takke alle som har vore med å bidrege til at laget fungerer. Vi er positive til all aktivitet som har vore, og ser lyst på 2018.

For styret i Olden IL 2017

Martin Fredheim Klaesson (leiar)

Årsmelding frå idrettsmerkegruppa.

Idrettsmerkeprøvene vart haldne over 3 dagar i september/oktober. Annonsering vart gjort på Facebook. I tillegg vart det ringt rundt til tidlegare prøvetakarar.

Prøvene i hurtigheit, spenst og styrke vart haldne på friidrettsbana ved skulen. Til øvingane i uthald vart det i hovudsak brukt sykkel (10 km). Nokre hadde 3 turar i skog/fjell med varigheit på minst 5 timar (til dømes Skålatur, Lodalskåpa, Den Kinesiske Mur).

10 personar har avlagt prøvar som stettar kravet til idrettsmerke i år; 4 menn og 6 kvinner.

Utmerkingar: Oddbjørg Bø Muri avla prøven for femtande gong, og stettar kvavet til statuett.

Idrettsmerket kan takast frå ein er 16 år. Prøvene er ein fin måte å følgje med på korleis eiga fysisk formutvikling er. Det er veldig kjekt om fleire blir med neste år!

Med helsing
Alvhild Flåten
Leiar idrettsmerkegruppa

Skarsteinsetra Opp 2017

Den 7. utgåva av Skarsteinsetra opp gjekk av stabelen 9. september, ein flott haustdag i Olden.

Dette er ein unik motbakkekonkurranse der løpar og rytter startar samtidig i Olden sentrum og konkurrerer om å kome først opp til Skarsteinsetra. Løypa er 4,6 km og har ei stigning på 400 høgdemeter. Underlaget er asfalt i knappe 2 km, deretter grusveg og traktorveg.

Med flotte forhold frå morgonen av var deltakartalet høgare enn rekordåret 2015. Dette tyder på at arrangementet er begynt å få godt fotfeste.

Trimmarane gjer ein viktig del av Skarsteinsetra opp. 154 unge i alle aldrar stilte opp og laga ei fin ramme for konkurranseløparane på deira veg mot setra. Fleire av dei 14 syklistane og 22 løparane leverte imponerende resultat!

Tre nye rekordar vart sett under Skarsteinsetra opp i 2017. I tillegg til deltakarrekord blei det rekordtider både på løp og sykkel i herreklassen.

Etter to gongar å ha blitt klokka inn til ei tid 1 sekund etter løyperekord vist det seg at alle gode ting er tre for Stig Svalheim (Sandane SK), som i år tok ny løyperekord med tida 18.39! Det var og eit knallsterkt startfelt i løpsklassen. I ein tett kamp mellom Marius Vedvik (IL Gular) og Johannes Thingnes Bø (Markane IL) var det løparen Marius Vedvik som stakk av med sigeren og ny løpsrekord på tida 20.21! Medan Johannes fugte tett bak med tida 20,43. Dette og ei tid godt under tidlegare løyperekord. Sterke prestasjonar! Vi håpar det gjev meirsmak og ønskjer velkomne tilbake!

Andre klassevinnarar frå Olden IL var Martin Fredheim Klaesson (Løp H 30-39) 26,16, Einar Strand (Løp H 60 – 69) 34,00, Emil Drageset (Sykkel G 13-14) 33,07 og Robin Gulliksson (Sykkel H 30-39) 31,11.

Spurtprisane i Skarsteintunet etter 1,2 km gikk i år til Marit Breidablikk (Stryn T&I), Marius Vedvik (IL Gular), Ingrid Fjellestad (Sandane SK) og Ben Erik Sira (Ørsta SK).

Hjarteleg takk til alle deltakarar, tilskuarar, funksjonærar, grunneigarar og sponsorar for å skape ei flott ramme rundt nok ei vellukka utgåve av Skarsteinsetra opp! Eit arrangement som skapar godt engasjement i bygda og viktige inntekter til idrettslaget.

Andre laurdagen i september er fast dato for arrangementet. Vi kan difor ønskje alle velkomne tilbake laurdag 8. september 2018.

Odd Kjetil Tonning, for styret i Skarsteinsetra opp 2017



Fleire bilete finn de på Skarsteinsetra opp sine sider på Facebook.

Årsmelding 2017 frå fjelltrimgruppa.

Dei som har vore med i gruppa er Hilde Eide Gjerde, Sissel Haugerudbråten Sunde, Osvald Olsen, Anders Bruvoll og Caroline Lindvik Gjerde.

Det har vore ein nedgang i antall registrerte fjellturer i Olden og Oldedalen. I fjelltrimåret 2016/2017 har det vorte registrerte 12 656 fjellturer fordelt på dei 20 forskjellige fjelltrimpostane vi har her i Olden og Oldedalen. Dette er ein nedgang på 1 158 turer frå forrige fjelltrimår. Det er nedgang på 13 av dei 20 fjelltrimpostane, men 7 av fjelltrimpostane har hatt fleire besøkande denne sesong i forhold til forrige. Dei som har hatt meir besøk denne sesongen er nonshaugen, melheim/solheimsetra, avleisetra, fossen, gytridalen, brenndalen og kvitfjell.

Det er Skarsteinsetra som har mest nedgang i antall besøkande, 643 færre besøk enn forrige fjelltrimår. Deretter Huaren med ein nedgang på 285 turer.

Det er 22 stk som har levert inn registreringsskjema på at dei har gått alle fjelltrimpostane her i Olden og Oldedalen. Av desse var 4 stk under 16 år, med gode poeng.

Anne Berit Bjørdal vann fjelltrimmen suverent med 1972 poeng, deretter Liv Elisabet Rygg med 2. plass og Anders Bruvoll med 3. plassen.

Desse pokalane vart delt ut på basaren til Olden IL som var i november. Det vart og delt ut pokaler til 6 barn/ungdom for god deltakelse i fjelltrimmen.

Eit mål for neste fjelltrimsesong er at vi kan få fleire som kan delta så vi kan få opp antall turer på fjelltrimsesongen 2017/2018.

Eg vil med dette minne om at registreringsskjema for fjelltrimpostane finn de på Olden il sine nettsider og på Bunnpris i Olden (ipå Åjaaaaauuu)

Caroline Lindvik Gjerde, Leiar for fjelltrimgruppa

Årsmelding for idrettskulen i Olden IL. 2017/2018

Idrettskulen 2017

På idrettskulen i 2017 har vi hatt 14 treningar, fordelt på 8 stk. våren og 6 stk. på hausten.

Vi har hatt varierte aktivitetar. Alt frå refleksleik, koordinasjonstrening, skileik, dans, turn, fotball m.m. Alt dette med mykje innslag av leik, noko som kjennes viktig for denne aldersgruppa. (5-10)

Det har vore svært godt oppmøte, og pr.idag har vi 29 stk. på lista over deltakarar.

Gjennomsnittleg deltaking har vore ca. 25 born, og vi er svært glad for at foreldrene har vore flinke til å hjelpe til. Ein slik flokk med høvesvis små born, kan vere ei utfordring å halde styr på aleine...☺

Høgdepunkta for borna har vore skeising på bana i Loen, og ein veldig kjekk og tradisjonell "avslutning" på skarsteinsetra i fjor vår. Der grilla vi pølser etter at alle hadde gått opp.

Vi valde å gje alle pokal på idrettsfesten i år, sjølv om nokre frå barnehagen berre hadde hatt høve til å vere med siste halvåret. Det kjendes mest rettvist og er lettare å halde styr på for framtidige år.

Elisabeth og Andre'

Ps! Elisabeth og Andre' har henholdsvis 2 og 4 år bak seg på idrettskulen. Vi har hatt gjevande år, og det er inspirerende å sjå korleis småborna utviklar seg, og viser idrettsglede.

Men vi står begge på val, og seier med dette frå oss ansvaret frå hausten av.

Ønskjer nye "foreldre" lukke til saman med Lene, Kristin, Rune og Ragnvald (som truleg ikkje står på val ?) Det er ein kjekk jobb, og med mange positive foreldre som hjelper til, er det veldig overkommeleg.

Mvh

Elisabeth og Andre'



Årsmelding Olden IL Fotball

Fotball gruppa har i 2017 hatt ca. 30 unge lovande fotballspelarar. Treningane har vi hatt på onsdagar og trena ein time og 20 min. ein gong i veka. Vi har delt 6, 7 og 8 åringane i ei gruppe og 9 og 10 åringane i ei, noko som har fungert bra. Salve Røyrhus har med hjelp av fleire andre hatt ansvar for den yngste gruppa, medan Sondre G Muri har trena dei eldste. Eg synst det er veldig bra at så mange foreldre engasjerer seg og hjelper til, det gjer jobben som leiar mykje enklare.

Vi har vore med på 4 Kongleriket turneringar, i Loen, Eid, Stryn og Hornindal. I Loen hadde vi med 3 blanda lag, 7, 8, og 9/10 år. Dei resterande turneringane hadde vi også 4 lag, G6/7, G8, J8/9 og G9/10 år. Veldig kjekt at vi har klart å stille reint jentelag på 3 av 4 Kongleriket turneringar.

I år har vi også for første gong, så vidt eg veit, delteke på Grodås cup. Her deltok vi med 3 blanda lag 6/7, 8 og 9/10 år. Dette var ein flott dag, der vi også fikk møte lag frå møre. Det var kjekt å ikkje berre møte dei vanlege laga.

Logistikken rundt turneringane har aldri våre enklare. I år har vi hatt ei facebookgruppe der alt av informasjon blir lagt ut. Dette har våre heilt fantastisk i forhold til å sende ut SMS, som vi har gjort tidlegare. Lagleiarar på turneringar, har som alltid før, ikkje våre noko problem. Så det har eg nesten slutta å tenke på.

Alt i alt har det vore ein bra sesong, og vi ser fram til eit nytt fotball-år i 2018

Sondre Guddal Muri (Leiar i fotballgruppa)

Årsmelding frå alpingruppa Olden IL sesongen 16/17

Alpinsesongen var dårleg på grunn av dårlege snøforhold i Stryn Skisenter. Vi hadde ingen organiserte treningar.

Vi arrangerte to renn på Grotli superg på Laurdagen og utfor på Søndagen.

Vi hadde med 4 løpara på Grotli frå Olden. Jonas vann si klasse, Emil vart nummer 2 i si klasse, Magnar nummer 3 og Ruben nummer 8 i den klassen.

Det var same plasseringer begge dagane.

Alpingruppa vil sjølvstendig at fleire ønsker å delta. Nye og etablerte medlemmar er hjarteleg velkomne!

Dei som ønsker og lære meir og vil vere med på treningar/renn ta kontakt med Andreas Sunde Drageset eller Rune Fredheim.

Vi vil også nytte anledninga til og takke foreldre og privatpersoner som stiller opp på dugnad og arangementet. Og ikkje minst takke sponsorane våre med pengestøtte og gåvopremiar!!

Eg fekk Jonas til og skrive litt om korleis han har det på Toppidrettsgymnaset.

Helsing Leiar Alpint Olden IL

Rune Fredheim

Jonas Drageset: Eg likar meg veldig bra og er fornøgd på Norges Toppidrettsgymnas Lillehammer. Kombinasjonen mellom skulen og idretten er veldig god. I Lillehammer er alt

veldig sentralt. Skulen, butikkar, Håkons Hall og Kristins Hall er kun et steinkast frå kvarandre og gjer kvardagen lettvinnt. Hafjell er berre 15 minutt med køyring i frå.

Skuledagen min er delt opp i to. Organisert trening som er innlagt i skuletida, så har vi timar på skulen. NTG er ein privatskule, men har likevel det same pensumet som alle andre offentlege vidaregåande skular i Noreg. Om hausten og våren har vi barmark i treningstida og om vineteren brukar vi treningstida til å stå på ski.

Rennsesongen startar seint i November, og vi har mange skisamlingar før den tid. Når vi har samlingar, pleier samlinga å vare som oftast ei til to veker. Samlingane går føre seg på forskjellige plassar. Men vi er mykje på Galdhøpiggen sommarskisenter (Juavss) og Folgefonna sommarskisenter. Vi har også vore på Geilo, på snø som dei har samla på over sommaren og Funäsdalen i Sverige. Og så brukar vi Hafjell og Kvitfjell når det kjem snø der. Renna går rundt om i heile Norge, og det er mange med og nivået er veldig høgt. Det var en vanskeleg fjorårssesong der prestasjonane mine ikkje var heilt der eg ville vere. Starten på sesongen i år har vore bedre, med bedre skikøyring og bedre resultat og punktforbedringar.

Punktar er ranking, noko som er viktigare enn plassering på dette nivået. Då får ein bedre startposisjon. Når ein får gode nok punktar og resultat i FIS kan ein få køyre renn i Europa Cupen, met er ein lang veg å gå.

Eg ser fram mot sesongen vidare og skal jobbe hardt framover for å nå mine mål og prestere bedre.

Årsmelding frå Oldestafettnemda


Den 63, Oldestafetten vart arangsjert Søndag 30, April- 2017,i tradisjonell stil, Defelering til Idretsplassen, med Olden Hornmusikk i spissen for alle laga, Appellen vart i år halden av Gunnvor A Sunde, utflytt Older... Totalt 17 lag stilte til start i årets stafetter... det er ein liten nedgang samanlikna med tidlegare år, sikkert fleire grunnar for dette, men vi håper på fleire lag og ikkje minst meir publikum for dei komande åra,slik at det fine og tradisjonelle arangsjmanget i Oldenbygda kann forsetje vidare i åra som kjem.....Takk til alle deisom i mange år har stilt opp og vore med å gjere jobben med " Vårens vakraste arangsjemang muleg!! Vinnande lag i 2017 var: Guter: Jølster, første lag. Jenter: Horningdal, Veteraner: Olden, Damer:Gloppen FIL, Herrer: Gloppen FIL. For Oldestafettnemda: Dagfinn Gytri.

Årsmelding frå friidrettsgruppa 2017

God deltaking og flott innsats på arrangementa våre i Olden. På lagsmeisterskapa våre i år deltok 12 innendørs og 20 utandørs. Vi har arrangert 2 løpskarusellar der 8 deltok på 1. løp og 16 deltok på 2. løp. Vi har også vore med å arrangert Strynehalleikane der til saman 55 deltok. Frå Olden stilte 6 utøvarar som oppnådde fine resultat.

På Oldestafetten deltok vi med 1 jentelag, 1 gutelag og 1 veteranlag. Sjå elles eiga årsmelding for Oldestafetten.

Ein eller fleire utøvarar frå klubben vår har vore representert på fylgjande friidrettstemner dette året: Honndalsleikane, Åpent KM i Dimna, Panoramaleikane i Sykkylven, Tyrvinglekene i Bærum, KM på Byrkjelo, Florø friidrettsfestival, Nasjonalt stemne i Hyen, Loggane Open i Gloppen og Lerøy-leikane på Osterøy.



Steffen i aksjon under kretskampen på Osterøy 9. september. Foto Trygve F. Mjelde

Steffen Melheim har hatt ein fantanstisk god sesong i fleire øvingar, og spesielt med 1 kgs diskosen. Der sletta han krinsrekorden for Sogn og Fjordane i 14 års-klassen, som var på 54,24m frå 1976. Den gamle krinsrekorden vart slegen på Loggane kastarena 20. august med resultatet 54,38m, som vart forbedra til 54,85m på Osterøy 9. september. Steffen er med det resultatet nr. 2 på lista gjennom alle tider i landet i klassen, og var berre 39 cm unna ny norsk bestenotering. Steffen vann både kule og diskos under Tyrvinglekene på Nadderud stadion i Bærum 16. juni. Han deltok også for Sogn og Fjordane sitt lag i interkretskampen mot Hordaland, Rogaland og Agderfylka på Osterøy 9-10 september. Der vann han heile fem øvingar. Det vart gull i spyd, slegge, kule, diskos og høgde. I diskos og høgde vart det nye persar med 54,85m og 1,70m. I tillegg tok han sølv med stafettlaget til Sogn og fjordane. Steffen vart i 2017 nr 1 på årsstatistikken i landet i diskos og kule i si klasse. I slegge og høgde vart han nr 2. På Oldestafetten fekk Steffen utdelt diplom frå Friidrettens venner for si bestenotering i diskos 0,75kg, for 13 åringar i 2016. På idrettslagbasaren i desember delte

Hans Petter Galtung på vegne av idrettslaget ut eit gavekort til Steffen, for gode prestasjonar i 2017 sesongen.

Ruben Eide Gjerde, Jannike Melheim og Mathias Melheim har også delteke i arrangement utanom klubben sine egne stemner og har oppnådd fine resultat.

Ruben på Honndalsleikane. Foto Hilde Gjerde



Mathias Melheim vart i desember 2016 utteken i kule på rekrutteringslandslaget i friidrett, men nesten heile sesongen 2017 vart dessverre spolert av en akilleskade i april, og han var ikkje i full trening igjen før på slutten av året.

Helge Hafsås har i år delteke i 7 maratonløp og vunne 4 av desse, nemleg Bergen Ultra, Florø maraton Rett Vest, Horninalsvatnet maraton og Eikefjord Maraton. Årsbeste sette han i Hornindal med 2.55.26. Helge har så langt i karriera vunne 179 maratonløp. Ingen i Norge er i nærleiken av dette. Han har også norgesrekorden i talet på maratonløp under 3 t. med 234. Helge har og gjort det godt i lokale løp bl.a. i Nordfjordkarusellen. Einar Strand og Joar Sunde har også delteke i landevegsløp og motbakkeløp i Nordfjord med til dels gode resultat.

Oppmøte på treningane har vore varierende med 5-12 utøvarar for dei yngste, og 1-8 for dei eldste. Trenarar for dei yngste (8-12år) har vore Sondre Guddal Muri, og Hans-Petter Galtung har trena dei eldste. Ei stor takk til dei.

Tradisjonen tru vart sesongen avslutta med ein kjekk idrettsfest på Kroen der alle kosa seg med premieutdeling, bilde- og filmframsyning frå sesongen, god pizza og quiz.

For friidrettsgruppa

Mette Hansen

Årsmelding frå skigruppa - nordisk 2017

Det har ikkje vore aktivitet i gruppa i år. Vinteren 2017 var prega av stort sett dårlege snøtilhøve. Det var ikkje nok snø til å køyre løyper nede i bygda. Sidan snøscooteren ikkje er blitt reparert, er vi takknemlege for at Rune Holen køyrde opp løyper til Huaren i januar då snøtilhøva var gode ein kort periode. Vil elles føye til at det er lite motiverande å drive med løypeoppkøyring når så få gjer seg nytte av løypene og fotgjengarar synest spora er fine å trakke i.

Hans-Petter Galtung

Rapport frå byggjenemnda for arenabygg/klubbhus.

Medlemmer er Per Muri (leiar), Leiv Arne Egset og Hans-Petter Galtung. I tillegg er Pål Skarstein ein viktig mann. Han har teikna bygget og bidreg i stor grad med sine fagkunnskapar.

Bygget skal reisast ved nordenden av løpebana i forlenginga sørover frå Olden skule sin parkeringsplass. Storleiken er 144 m², 18 x 8m. Det skal m.a. innehalde lager for idrettsutstyr, sekretariat, møterom og eit styrketreningsrom på vel 60m². Først når dette bygget er kome på plass, kan vi seie at anlegget vårt ved Olden skule er fullverdig.

Planen var å kome i gong med bygget hausten 2017. Dette klaffa dessverre ikkje. Vi håpar no å kome i gong til våren og få bygget ferdig utvendig denne hausten.

Ein god del av arbeidet må setjast ut til lokale entreprenørar som råbygg, vatn, kloakk og installasjon. Men Olden IL er også heilt avhengig av at bygdefolket kan bidra med dugnadsinnsats.

Det er søkt om spelemidlar til bygget. Vi fekk ikkje midlar i 2017, men håpar at dette går i orden inneverande år. Olden IL går inn med ein eigenkapital på kr. 600.000,-. Vi er og veldig takknemlige for Sparebanken Sogn og Fjordane si gåve på kr. 100.000. Nokre mindre sponsorar har og sagt seg villige til å bidra med reine pengar. Elles vil alt dugnadsarbeid bli rekna som ein del av finansieringa. Vi reknar med ein totalkostnad på 2,5-3 mill.



For byggjenemnda :
Hans-Petter Galtung

Bygget skal reisast til venstre på bildet, 1-1,5 m frå løpebana og frå ca. 2m før målstreken og nordover mot parkeringsplassen.

Heimesida til Olden IL : <http://oldenil.no/>



OLDEN IDRETTSLAG

BALANSE 2017	Inng.balanse 01.01.2017	Bevegelse 01.01.17.-31.12.17	Utg. balanse 31.12.2017
EIENDELER			
Maskiner og anlegg:			
Tomt friidrettsanlegg ved skulen	459614,47	-12175	447439,47
Toppdekket friidrettsanlegg v/skulen	348003,07	-53424	294579,07
Snøscooter	2 659,93	-2 659,93	-
Inventar idrettsanlegg ved skulen	57 760,00	-25 529,00	32 231,00
Container ved idrettsanlegg	29 984,00	-3 563,00	26 421,00
Beholdning ferdigvarer:			
Varelager premier	8 160,00	-6 660,00	1 500,00
Fordringer:			
Kundefordringer	13 400,00	-7 150,00	6 250,00
Bankinnskudd:			
Sparebanken Sogn og Fjordane (3770.20.32211)	617 791,91	39 345,58	657 137,49
Sparekonto (3705.13.08523)	606 898,00	2 939,00	609 837,00
Sum Eiendeler	2 144 271,38	-68 876,35	2 075 395,03
GJELD OG EGENKAPITAL			
Lån 3706.16.77012	-762 680,00	99 480,00	-663 200,00
Forskudd fra kunder	-1 000,00	1 000,00	-
Påløpt renter	-1 913,00	165,00	-1 748,00
Leverandørgjeld			
Egenkapital	-1 378 678,38	-31 768,65	-1 410 447,03
Sum Gjeld og Egenkapital	-2 144 271,38	68 876,35	-2 075 395,03

Revisorane sine merknader

Revidert,

Linda Alsaker

Roar Alsaker



REKNESKAP FOR OLDEN IDRETTSLAG **Arsregnskap 2017**

INNEKTER

	2017	2016
	Kr	Kr
Medlemskontingent	29 350	28 045
Idrettsskolen	12 200	800
Treningsavg.fotball/basisball	22 050	16 850
Leigeinntekt Alda Stadion		
Vaskeavtale	-	39 000
Basar	36 737	44 895
Sal av drakter, basisballer etc	1 950	600
Startkontingent Oldestafetten	4 300	10 100
Kiosk Oldestafetten	12 519	15 855
Sponsorinntekter Oldestafetten	5 000	4 750
Programhefte Oldestafetten	4 850	3 500
Startkontingent Skarsteinsetra Opp	19 850	19 490
Kiosk Skarsteinsetra Opp	10 267	6 350
Sponsorinntekter Skarsteinsetra Opp	73 500	70 500
Grasrotandel	26 258	27 543
Gåver, tilskudd	78 000	57 000
Momskompensasjon	9 972	19 363
Dugnad	6 600	3 000
Andel overskot Strynehalleikane		
Andre inntekter (flaskeløp, purregebyr)	7 165	100
Renteinntekt	3 240	3 167
SUM INNEKTER	363 808	370 908

UTGIFTER

	Kr	Kr
Lotteri/Basarutgifter	4 429	2 893
Treningskle,basisballer og rekvisita for vidare salg	1 764	2 400
Programhefte for vidare salg		
Utgifter kiosk Oldestafetten	7 983	8 867
Utgifter kiosk Skarsteinsetra Opp	9 000	7 999
Leige lokaler/anlegg/instruktører	21 092	29 200
Inventar/utstyr	40 305	14 535
Rekvisita	2 148	2 368
Div.driftsutstyr	70	
Rep og vedlikehold idrettsplass	7 442	-
Rekneskap	3 000	2 500
Kontorrekvisita	625	2 445
Kopiering/trykking	1 987	
Abonnement	450	640
Møter, kurs, oppdatering o.l.	600	540
Telefongodtgjersle		

Porto	1 416	1 162
Kostnader snøscooter	455	1 448
Køyregodtgjersle	2 000	14 641
Annonse/Reklamekostnad	9 535	7 867
Heimeside	5 113	5 113
Startkont./Krinsavg./andre kont.	41 405	32 659
Premier/Gåver/Gåvekort	47 769	53 023
Bankgebyr	462	314
Sosiale arr., avslutningsarr.	7 213	7 028
Annen kostnad	1 176	
Avskrivning snøscooter	2 660	469
Avskrivning idrettsanlegg v/skolen	65 599	65 599
Avskrivning inventar/utstyr idrettsanlegg	19 353	22 599
Annen rentekostnad		
Rentekostnad banklån	26 988	30 980
Renter/provisjon kassakreditt		
Leverandørrenter		
SUM UTGIFTER	332 038	317 290
ÅRSRESULTAT	31 769	53 618



Spesifikasjon av sponsorinntekter / g�ver 2017	
Olden idrettslag	
	Kr
Norges Idrettsforbund Akt.midl	25 000
Grasrotandel	26 258
Stryn Kommune, tilskot	25 000
Stryn kommune, kulturmidlar	28 000
Norges Idrettsforbund spelemidler utstyr	9 739
Annonser i pgm.hefte Oldestafetten	
Skarstein & Walaker as	500
Yri Sand	500
Olden Fjordhotell	500
Sparebanken Sogn og Fjordane	500
Sunde Auto AS	500
Coop Olden	250
Olden R�de Kors	250
Olden R�r as	250
Stryn Betongelement as	250
Gardit L�s og Sikkerheit AS	250
Pers Kafe	250
Ytre-Eide Sport as	250
Olden Cruise	250
Bunnpris Olden	250
Stryn Betong AS	250
Sponsorinntekter Skarsteinsetra Opp	
Oldenvatn/Hansa	8 000
Skogstad Sport as	5 000
Sparebanken Sogn og Fjordane	5 000
Bunnpris M�re	3 000
Skarstein & Walaker as	2 500
Helge Hafs�s	2 500
Hotel Loenfjord as	2 000
Hotel Alexandra as	2 000
Olden Cruise as	2 000
Thor Tenden Transport AS	2 000
Milj�service AS - Norva 24	2 000
PWC AS	2 000
Loen Skylift	2 000
Odd Atle Skarstein	1 500
Bilextra/Sunde Auto	1 500
Pers Kafe	1 500
Ricco Vero as	1 500
Melheim Interi�r	1 500
Fl�ten Termotransport as	1 500
Olden Taxi	1 000

Olden idrettslag 2018	Budsjett	
Inntekter		
Medlemskontingent	kr	28 000
Treningsavgift	kr	20 000
Basar	kr	40 000
Oldestafetten	kr	30 000
Skarsteinsetra opp	kr	100 000
Grasrotandel	kr	27 000
kulturmidlar	kr	30 000
Aktivitetsmidlar	kr	25 000
Andre sponsorinntekter	kr	30 000
Sum inntekter	kr	330 000
Utgifter		
Oldestafetten - kiosk	kr	9 000
Skarsteinsetra opp - kiosk	kr	9 000
Leige anlegg/ instruktører	kr	30 000
Utstyr	kr	15 000
Rekvisita	kr	5 000
Rekneskap	kr	5 000
Startkontingent	kr	45 000
Køying/ reiser	kr	10 000
Premiar	kr	40 000
Bokprosjekt - 100 år 2020	kr	10 000
Annonser	kr	5 000
Heimeside	kr	5 113
Aktive årsfest	kr	7 500
Avskrivning	kr	85 000
Rentekostnader banklån arenabygg	kr	65 000
Div driftsutgifter	kr	10 000
Sum utgifter	kr	355 613
Underskudd	-kr	25 613